

Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Dato 01.11.2022

Emne:	Referat frå regionalt planforum 7.9.22 - detaljreguleringsplan for næringsområde Kjøde og Stad molo og indre hamn på Leikanger - Stad kommune	
Til stades:	Gunnar Silden	Ordførar
	Siri Sandvik	Varaordførar
	Kristine Dahl	Assisterande kommunedirektør
	Astrid Fossheim Paulsen	Kommunalsjef kultur og samfunn
	Svein Arne Tennebø Fure	Einingsleiar plan og forvaltning
	Gry Otneim Leikanger	Stad kommune, fagleiar plan
	Hanne Marie Utvær	Stad kommune, rådgjevar strategi og samskapning
	Åse Birgitte Berstad	Rådgjeva plan og forvaltning
	Svein Otto Melheim	Stad Eigedosmutvikling KF
	Heidi Sandvik	Statsforvaltaren
	Bente Sande	Mattilsynet
	Siri Lillebø	Mattilsynet
	Karoline Walsøe Egholm	Dir Min
	Turid Susort Jansen	Kystverket
	Eva Kathrine R. Taule	SUD-PKF Fagleiar Plan
	Ingunn B. Skjerdal	SUD-PKF
	Lasse Klæboe Kristensen	SUD-PKF
	Berit Alise Høivik	KII - kulturarv
	Berit Gjerland	KII – kulturarv
	Gunnhild Sande	INV – forvaltning
	John Anton Gladsø	INN – vassforvaltning
Forfall:		
Møtetid:	07.09.2022 KI 13-15	Møtestad: digitalt på Teams

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule

Referantar: Lasse Klæboe Kristensen og Ingunn B. Skjerdal

Det vart gjennomført ein presentasjonsrunde av nye deltagrarar.

Detaljregulering av næringsområde i Kjøde

Kommunen presenterte detaljreguleringsplanen, prosess og hovedtema

- Oppstart med planprogram vart behandla politisk i 06.09.22, planen er forankra i samarbeidsavtale og intensjonsavtale med Kystverket
- Planen er forankra i overordna plan, det er eit stort planområde mellom anna med utgangspunkt i at ein skal avklare skredfare, anleggsveg til område, fylling mm. Hele planområdet vil ikkje bli sett av til næringsføremål.
- Planen legg til rette for følgjande tiltak: Næringsbygg, kai og hamneområde i sjø, tilhøyrande infrastruktur sørvest for Gorgneset. Næringsbygg kombinert med mellombels anleggs- og deponiområde, skjermingsvoll og tilhøyrande infrastruktur ved Skorge kraftstasjon. Det er også ønskeleg å etablere eit utsiktspunkt i planområdet
- Kommunen undersøker moglegheitene for landbasert settefiskanlegg, evt. anna næring knytt opp mot fiskeri og entreprenørbedrifter. Hydrogenproduksjon er også eit alternativ. Det er to aktørar som har meldt si interesse for heile området, men det blir avklart seinare som ein del av planforslaget.
- Midlertidig anleggsområde vil bli tilrettelagt for i høve planleggingsfasen, og planen vil ha fokus på at ein kan bruke stein som allereie finns i område, og gjenbruka masser frå utviklinga av skipstunnelen. Ein del av massane er overflatemassar med jord som må ivaretakast. Kommunen vil ha det inn i krava i reguleringsplanen. Til dømes kan ein god del av jorda som brukast, blandes inn i stein og steinstøv frå tunneldrivinga for gjenbruk er eit forslag.
- Medverknad har vore gjort i ein omgang, og det vil komme ein ny medverknadsprosess i haust
- Moglegheitsstudie vil også bli brukt i det videre planarbeidet. Ei mogleg retning for utviklinga av Kjøde tar utgangspunkt i Tusentrinnstrappa og det dramatiske landskapet.
- Kommunen seg for seg at gjennom utviklinga av skipstunnelen vil ein ny stadidentitet kunne etablerast. Denne må sjåast i samanheng med andre planar for å sjå kva nye Kjøde skal bli for å unngå ei negativ utvikling, men skape vekst og utvikling. Kommunen påpeiker mellom anna at bumiiljø, næring og reiseliv heng saman, og ønsker med dette å skape tiltak som bidrar til bulyst og framtidstru, samt arbeidsplassar. Dei ønsker også eit godt samspel mellom utvikling av næringsområde og friluftsliv
- Planprogrammet blir sendt på høyring med tema for konsekvensutgreiing som naturmangfold, vassmiljø, landskap, forureining, støy og støv mfl. vert utdjupa. Klimagassutslepp vert også gjort greie for grunna omdisponering av myrområde, så kommunen skal sjå på matjord.

VLFK: det er positivt at kommunen har utarbeidd ein moglegheitsstudie som grunnlag for vidare utvikling i området så tidleg i prosjektet. Det er ein veldig bra start. Det er tydeleg at det er lagt stor vekt på stadutvikling, bumiiljø og næring. At medverknadsprosessen er i gang og at det vil gjennomførast meir er bra. Ei utfordring med utvikling er å få ei felles forståing som utgangspunkt. Det er viktig at det arbeidast opent og tett på innbyggerane og andre som blir råka av tiltaket.

Drøfting og innspel

VLFK stilte spørsmål om landskap, kan skredfarevurderinga gi avklaring også på sikringstiltak? Ta i bruk dei verktøya som finns. Skipstunnelen er eit godt eksempel på korleis ein kan illustrere framtidig landskapsinngrep. Slike metodar kan nyttast også når det gjelder dette næringsområdet.

Det blei også stilt spørsmål om dei to grøne områda i illustrasjonsplan. Kva er bakgrunnen for plasseringa av utsiktspunktet?

Stad kommune: Dei to grøne områdane ligg inne som LNF i overordna plan. Utsiktspunkt er tenkt plassert midt i mot tunnelinngangen, og at det vil vere ein del av reiselivssatsinga rundt skipstunnelen. Det andre grøne område er ein skjermvoll, som er viktig for å hindre støyforureining, mens utkikkspunktet er tenkt som en grøn barriere frå kai og næring til det som ligger lengre inn med naust, fritidsbusetnad og anna busetnad. Det skal være moglegheit for enkel rastepllass som inviterer til å stoppe opp og sjå, å parkere bilen etc. Skjermvollen skal være en naturvoll som fell naturleg inn i landskapet, og utsiktspunktet er ikkje endeleg plassert, men er i dialog med innbyggerane.

Statsforvaltaren:

av 5

- Opparbeiding av rastepllass og parkeringsareal vil vere i strid med føremålet LNF. Dei har vært i dialog med området tidlegare,
- Stilte spørsmål til KU tema med tanke på jordvern. Kva skjer med jordressursane, kan noko bli ivaretatt? Skal jord byggjast ned så er det viktig at matjord ivaretakast.
- Naturmiljø og vassmiljø er også er viktige tema å tenke på.
- Verneskog kan vere i strid med driveplikta og ønske om å drive skog, jf. Skogbrukslova § 12. Eit mogleg løysningsalternativ er å lage omsynssone i samråd med grunneigar som inneber ein grundig rapport om god nok skredsikring utan at det kommer i konflikt med driftsgrunnlaget til grunneigar. Til dømes kan ein sjå til liknande problemstilling av Ytre Ese i Sogndal kommune.
<https://kommunekart.com/klient/sognekart/sognekart?urlid=b93396e4-6e5f-478c-920b-3f92c8da2cda>

Stad kommune:

- planlegg dialog med grunneigar og landbruksavdelinga i kommunen med tanke på areal for sikring av skog
- Kunnskapsgrunnlaget vil bli supplert med hydrologiske vurderinger og andre undersøkingar som vil vere eit godt kunnskapsgrunnlag til det videre arbeidet.

Kystverket

Stilte spørsmål ved om etablering av næringsområde og næringskai vil vere i konflikt med manøvreringsområde i forhold til skipstunnelen.

Kommune:

Det vert laga eit langstrakt område for å få god plass for tilkomstveg, med kai som er knytt til næringsområdet. Kaien var inne i sjørealplanen ved siste høyring, men hamneområde i sjø er ikkje i overordna plan. Planprosessen vil vise om i sjøområde kan tydeleggjere om det blir konflikt eller ikkje.

VLFK stilte spørsmål til hydrogenproduksjon, vurderast det ei sikringssone? Kan det vere eit faremoment for trafikk i tunnel?

Kommunen: dette er faktorar som avdekkast gjennom KU. Regulering og type næring må vere eit moment i den vidare prosessen. Bruken av området til hydrogen og settefisk er informert om til Multiconsult slik at det vert vurdert i KU.

Stad kommune ønsker å utnytte synergieffektane av skipstunnelen som eit reisemål. Til det ønsker kommunen dialog med fylket. Kommunen løfta også fram dette med lokalsamfunnsutvikling.

VLFK har eit program kalla livOGlyst for lokalsamfunnsutvikling, søkerfristen er 25. oktober 2022
<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/distriktsutvikling/livoglyst-for-lokalsamfunnsutvikling/>

VLFK infrastruktur og veg: FV 620, om det må gjerast tiltak her så må ein gjennomføringsavtale på plass. Anleggsvei er allereie regulert inn i planen for Skipstunnelen, som vil bli sett i samanheng med denne planen. Kommunen viste til områdereguleringsplanen og at vegen som går i dag blir lagt inn som eit vegareal i Kystverket sin plan.

Det er fem bustadhús som skal rivast. Andre bygningar kjem i tillegg. Kommunen har ikkje innsyn i dialogen kystverket har og har ikkje vore i kontakt med dei som bur der om kor dei skal flytte som følgje av planen med Skipstunnelen.

Mattilsynet

Korleis er samspelet mellom tunnelarbeidet og ivaretaking av private brønnar, kva konsekvensar får dette arbeidet for dei som har private vassforsyningars?

Kommune: Kystverket har ansvaret her, og er i dialog med grunneigarane.

VLFK kulturav: stilte spørsmål til ny vassforsyning, korleis ser kommunen for seg eit at planarbeid verkar inn her?

Kommunen svarar med at tiltaket er så stort at dette er ein del i detaljreguleringsfasen. Kartlegging og skissering av moglege løysningar er i gang. Kommunen trenger å betre vassforsyninga si. Det

av 5

arbeidast med en forstudie som skal ende som politisk sak i oktober. Kommunen vil sikre forsyning som ivareteke innbyggjarane og næringsføremålet.

VLFK kulturarv: kulturminneregistrering vil bli varsle, det er mykje fuktig mark og kanskje ikkje så mykje å hente, men det er også nokre tørrare område me potensiale for funn frå eldre jordbruksdrift. Deponiområdet er ei type næring, men reiselivsnæringa må også få tiltalande og interessant områder sone med tanke på med vegetasjon, Skjerming for innsyn til deponi og næringsområde er gode tiltak.

Detaljregulering for Stad molo og Leikanger indre hamn

Kommunen presenterte om prosess og hovudtema Det er ein privat forslagsstilla

- Planen er å etablere eit nytt knutepunkt for sjøtransport langs kysten for fiskeri, havbruk og turismen. Leikanger hamn tek utgangspunkt i næringsområda på Sjåstad og Stave. Leikanger ligg på nordsida av Stad, hovudtanken med planen er å vri om gods og persontransport frå land til sjø
- Planen og planprogram er varsle. Sak om fastsetting av planprogram i september, og så er målet førstegangsbehandling av planen i november.
- Føremålet med planarbeidet er å bygge ein molo som vernar sjølinja, samt å legge til rette for offentleg transport, turisme og næring til sjø. Eit mål er å sikre god estetikk og utforming, planområdet ligg midt i bygda og heile Leikanger vil kunne sjå tiltaket. Næringslivet på Stad har utvikla seg raskt, og har behov for større næringsareal og kaianlegg. Detaljregulering for Stad næringspark av 2019 er ikkje treffande nok, deriblant er kaiarealet vanskeleg å realisere med føringane som vert lagt til grunn i den planen.
- Leikanger hamn ligger sentralt til ved sjø, og gunstig til med tanke på behova næringslivet i Stad har. Det kan bli eit nytt knutepunkt, for det er ein del næringslivsaktørar som har behov for utskiping av sine produkt. Det er eit ønske om å stimulere til lokal og regional verdiskaping
- Planprosessen er satt i gang, planprogrammet vart fastsett politisk 06.09.22 og etter at det var på høyring. Det har vore ein lengre prosess. Statsforvaltaren gav motsegn i samband med kommunedelplan for sjøareal og der var mekling på ein del av området. Meklingsresultatet har gitt nokre krav som forslagsstilla må planlegge i tråd med. KU viser til alternativ utforming av spesielt moloarmane, men konkrete detaljer er enda ikkje spesifisert.
- Kommunen skjønner at utfylling av strandsone er ei utfordring. Dei vil bruke masser frå Skipstunnelen, og meiner det er fordelar med å samle næringsareal framfor å etablere nytt næringsareal ein annan stad.
- Forslagsstilla har i tillegg til krav om KU, fått beskjed om å gjennomføre landskapsanalyse og visualisere verknadene tiltaket har på landskapet. Verknader og behov for næringslivet med meir skal vurderast i det vidare planarbeidet.

VLFK plan - kommentar til landskapstemaet. Visuelle illustrasjoner bør visast i relevante perspektiv frå kor mennesket ferdes. Det må vere realistiske illustrasjoner ift. perspektiv og skala. Landskapsverknader kan illustrerast godt og bør følgje planforslaget.

Statsforvaltaren kommenterte at avgrensinga ved å utvide næringsarealet i begge endene med bølgebrytarar kan vere akseptabelt. Statsforvaltaren har vore på synfaring og er imponert over alt kommunen og næringslivet har fått til med arbeidsplassar og bedrifter i utvikling. Statsforvaltaren har gitt innspel tidlegare som må vektleggjast, også står det att å sjå korleis ulike måtar planen legg opp til å løyse utfordringane på. Gode utgreiingar og alternative vurderingar må ligge til grunn.

VLFK Vassforvaltning – positiv til gjenbruk av masser. Stiller spørsmål om overvatn og avløp kan føre til dårlegare forhold i bassenget innanfor moloen som følgje av tiltaket, og om det har vore fokus på elvene innanfor moloen med tanke på potensiale for sjøaure.

Svar frå kommunen: nye vann og avløpsleidningar skal på plass parallelt med arbeidet med planen og at dette vert planlagt med omsyn til denne detaljreguleringa.

av 5

Kommunen kommenterte sjøretta aktivitet og næring, bedrifta Stad Kystbygg skipar dagsturhyttene dei produserer ut på båt, og har lang ventetid for utskiping. Det er eit stort behov for hamn for mange næringsaktørar.

Kystverket ser positivt på tilrettelegginga, og nemnar at bølgebrytar må tenkast godt gjennom når man endrar frå molo til bølgebrytar. Slik dei ser det kommer det ikkje i konflikt med navigasjonsinstallasjonar eller farlei utanfor, men det kan likevel bli stilt krav om lyssetting og merking.

Fylkeskommunen ved kulturarv minner om uttale frå Bergen sjøfartsmuseum. Det vil måtte gjennomførast sjekk i sjøareal etter marine kulturminne. Tiltakshavar må ta direkte kontakt med sjøfartsmuseet for å avtale nærmere detaljar om undersøkinga

Avslutningskommentar frå fylkeskommunen

- Dagen i dag er brukt til fire store planer, og det har kome store mengder med god informasjon. Det er imponerande å høre om korleis koordineringa mellom dei ulike planane er tenkt.
- Takkar for god informasjon frå Stad kommune
- Det kan være fornuftig med eit planforumsmøte til, for å dra nytte i den videre planprosessen med tanke på å gi eit godt grunnlag for å unngå konfliktar i forkant av høyring.

Vedlegg

1 Presentasjon regionalt planforum 07.09.2022